



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Sakshandsamar - 100% vikariat

Stillingsinformasjon

Det er ledig stilling som sakshandsamar i Meland heimeteneste frå dags dato til 30.06.2018, med moglegheit for forlenging.

Stillingen er organisert i stab under Heimetenesta i Meland, med einingsleiar som nærmaste leiar.

Ein arbeidar tett med systemkoordinator i koordinerande team, og elles med både interne og eksterne samarbeidspartnarar.

Arbeidsoppgåver:

- Sakshandsaming etter Helse- og omsorgstenestelova; støttekontakt, avlastning og omsorgsløn.
- Organisering av støttekontakt- og avlastingstenesta som inneber rekruttering, avtaleoppfølging og rettleiing.
- Koordinering av ansvarsgrupper og individuelle planar for barn, unge og vaksne som har trong for koordinerte tenester.

Kvalifikasjonskrav

Tre årig høgskuleutdanning som t.d vernepleiar eller sosionom.

Det er ein føresetnad at ein har kompetanse vedk. sakshandsaming/forvaltning.

Det er og ein føremon om ein har erfaring frå koordinering og/eller arbeid med menneske med ulike funksjonsnedsettingar.

- Evne til å arbeide strukturert og sjølvstendig vert vektlagt.
- Gode evner til samarbeid og til å inspirere til felles innsats
- Evne til å arbeide målretta
- Initiativrik og positiv

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Godt arbeidsmiljø - gode kollegaer.

Mange utfordrande og fagleg stimulerande oppgåver.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 25.02.2018

Utlyst dato 07.02.2018

Vårref

18/18

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no